



Arkiv: FE-151
JournalpostID: 22/13805
Saksbehandlar: Torbjørn Emblem
Dato: 08.11.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 21/22	Eldrerådet	21.11.2022
PS 21/22	Rådet for personar med funksjonsnedsetting	21.11.2022
PS 20/22	Arbeidsmiljøutvalet	10.11.2022
PS 18/22	Ungdomsrådet	10.11.2022
PS 62/22	Nærings- og utviklingsutvalet	14.11.2022
PS 42/22	Levekårsutvalet	15.11.2022
PS 95/22	Formannskapet	24.11.2022
PS	Kommunestyret	

Budsjett 2023 - økonomiplan 2026

- Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak**
Skatteøret vert sett til den maksimale satsen stortinget vedtek
- Eigedomsskatt**
 - Eigedomsskatt skal skrivast ut i medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3
 - Eigedomsskatt skal gjelde faste eigedomar i heile kommunen, unnateke næringsseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnett og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum.
 - Satsen for eigedomsskatt for 2023 vert sett til 4,0 Promille
- Opptak av lån** for finansiering av investeringar Kommunestyret godkjenner låneopptak inntil kroner 85 213 600 ,- for å dekke investeringar i 2023 i punkt 6 i innstillinga. Låneopptak vert gjennomført i samsvar med Sykkylven kommune sine reglement.
- Opptak av lån for vidare utlån**
Kommunestyret godkjenner opptak av startlån for vidare utlån fra Husbanken på 12 million kroner. Låneopptak vert gjennomført i samsvar med Sykkylven kommune sine reglement.
- Disponering av driftsrammer**
Dei totale driftsrammene som kjem fram i skjema 1A og 1B. (Vedlegg 1 og 2)Rammene vert disponert av kommunedirektøren og i samsvar med delegeringsfullmakter.

6. **Disponering av investeringsrammer** Dei totale investeringsrammene som kommer frem av skjema 2A og 2B vedtas.(vedlegg 3) Rammene disponeres av kommunedirektøren og i samsvar med gjeldende delegeringsfullmakter.

7. **Finansielle**

måltal:

Sykkylven kommunestyre vedtek følgjande finansielle måltal:

- 1.Netto driftsresultat skal over tid utgjere minimum 1,75 % av brutto driftsinntekter.
- 2.Disposisjonsfondet skal minimum utgjere 10 % av brutto driftsinntekter.
- 3.Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal ned på dagens nivå (under 130 %) innan 2030 og 100 % innan 2035.

Måltala er ikkje absolutte for det einskilde rekneskapsår, men mål ein skal arbeide mot å nå.

Ungdomsrådet - 18/22

UNGD - behandling:

Einingsleiar Linda Hovland og Monica Hjelmevoll orienterte og svarte på spørsmål. Sjølve budsjettokumentet vart utdelt i møtet, men rådet har fått alle dokumenta tilsendt i forkant av møtet. Rådet drøfta saka.

UNGD - Vedtak:

Innspel til utkast til budsjett frå ungdomsrådet:

- Kommunen bør prioritere å støtte Høbbergen økonomisk som eit viktig ungdomstiltak.
- Det er viktig å oppretthalde fritidstilbod til barn og unge, dette skaper bulyst og gjer at folk vil busette seg i kommunen. Kommunen må reklamere for tilbod i kommunen og naturen for å få både turistar og tilflyttarar hit.
- Friidrett bør ha høgare prioritet. T.d. diskos / kulestøt mister treningsplassen sin på grunn av parkeringsplassen / busstoppet som blir på grusbana.
- Det er viktig at kommunen har eit tilbod til barn og unge som slit med den psykiske helsa si, t.d. psykolog eller psykiatrisk sjukepleiar.

Nærings- og utviklingsutvalet - 62/22

NU - behandling:

Økonomisjef Torbjørn Emblem orienterte og svarte på spørsmål frå utvalet.

Nærings- og utviklingsutvalet tek saka til orientering.

NU - Vedtak:

Levekårsutvalet - 42/22

LK - behandling:

Kommunedirektør Bente Glomset Vikhagen orienterte og svarte på spørsmål saman med kommunalsjef helse og kommunalsjef oppvekst.

Levekårsutvalet tek saka til orientering (samrøystes)

Otto Magne Strømmegjerde foreslo slikt tillegg:

Prinsippet med rammebudsjettering foreset at kommunestyret får den konkrete bruken av rammene for kvart område framlagt til fordeling og vurdering over nyttår.

Tilleggspunkt vedtatt mot 2 stemmer.

LK - Vedtak:

Levekårsutvalet tek saka til orientering.

Prinsippet med rammebudsjettering foreset at kommunestyret får den konkrete bruken av rammene for kvart område framlagt til fordeling og vurdering over nyttår.

Eldrerådet - 21/22

ELD - behandling:

Kommunedirektør Bente Glomset Vikhagen orienterte og svarte på spørsmål saman med kommunalsjefane og økonomisjef.

Eldrerådet sendte e-post til økonomisjefen 16.11 "Spørsmål frå eldrerådet i Sykkylven kommune", med diverse spørsmål i forhold til budsjettet som dei ønskte svar på.

Svar på denne e-posten vart etterlyst i møte.

Kommunalsjef Ragnhild H. Skjong vil sende svar til eldrerådet i etterkant av møte.

Eldrerådet synes det har blitt gjort eit godt arbeid med budsjettet som dei fekk framlagt.

Samrøystes vedtak:

Eldrerådet tek budsjett 2023 - økonomiplan 2026 til vitande, og ber om tilbakemelding undervegs ved endringar og omstilling innanfor helse- og omsorgstenestene.

ELD - Vedtak:

Eldrerådet tek budsjett 2023 - økonomiplan 2026 til vitande, og ber om tilbakemelding undervegs ved endringar og omstilling innanfor helse- og omsorgstenestene.

Rådet for personar med funksjonsnedsetting - 21/22

FUNKS - behandling:

Kommunaldirektør Bente Glomset Vikhagen orienterte og svarte på spørsmål saman med økonomisjef Torbjørn Emblem og kommunalsjefane Ragnhild Hanken Skjong og Bjørnar Midtbust.

Rådet drøfta seg fram til eit samrøystes vedtak.

FUNKS - Vedtak:

Rådet tar kommunedirektøren sitt framlegg til vitande.

Formannskapet - 95/22

FSK - behandling:

Fellesframlegg frå H, Sp, V og Krf - budsjett 2023-økonomiplan 2026, foreslått av Birgitte S. Bonesmo, Høgre

Tillegg til punkt 2, 5 og 6 i kommunedirektørens innstilling:

A. Endring punkt 2 Eigedomsskatt, bokstav c, slik:

«Satsen for eigedomsskatt for 2023 vert sett til 3,2 promille.»

B. Tillegg punkt 5 Disponering av driftsrammer mm.:

Endringar inntekter og fondsavsetningar i driftsramma:

Inntekt frå Eigedomsskatt vert sett ned med kr 4.200.000 til kr 16.8000.000.

Inntekt frå Havbruksfondet vert auka med kr 1.500.000 til kr 3.000.000.

Avsetning til disposisjonsfondet vert sett ned med kr 2.700.000 til kr 3.800.000.

Tillegg til teksten under dette (5.) punktet:

Administrasjonen melder tilbake til formannskap og kommunestyret korleis rammene blir fordelte på einingar og områder når dette er avklart., og ev. seinare vesentlege endringar av desse.

Kommunestyret forventar at administrasjonen legg fram for formannskapet månadleg oversikt over utviklinga i kommuneøkonomien, samanlikna med budsjett. Kommunestyret vert informert kvartalsvis i høve til møteplan.

Garantiramma for sosiallån vert fastsett til kr 350.000. Den øvre grensa for einskildgarantiar innanfor den samla ramma etter dette punktet, vert sett til kr 150.000.

For året 2023 vert ordførarombodet sett til 100 prosent. Ombodsgodtgjeringa vert sett i samsvar med kommunestyrevedtak PS 46/17.

For året 2023 vert varaordførarombodet sett til 10 prosent av eit årsverk, og ombodsgodtgjeringa vert rekna av same grunnlag som for ordførarens godtgjersle.

Implementeringa av den nye Barnevernsreformen, vil slik kommunestyret ser det, m.a. bidra til å styrke det tverrfaglege fokuset i denne sektoren, ikkje minst med tanke på tidleg innsats.

Kommunestyret forventar at når reforma no har fått verke ei tid, vil det blir vurdert kva slags fagkompetansar som det blir viktig å rekruttere frametter, som t.d. psykolog, familieterapeut o.l..

Kommunestyret ser det som viktig å sikre at ingen barn skal stå utanfor fritidsaktivitetar av økonomiske grunnar. Vi set difor av kr 100 000 til dette formålet i budsjettet. Desse midlane kan lag og foreiningar som har krav om medlemskontingent og som har årsdrift, søke på. Levekårsutvalet vert oppmoda om å utarbeide retningsliner for tiltaket.

I tillegg blir det gitt eit driftstilskot til «Høbben» på kr 100.000 i 2023.

Som eit ungdomstiltak oppmodar kommunestyret administrasjonen om å vidareføre ordninga for unge (t.d. i alderen 15 – 19 år), der den enkelte kan få tilbod om sommarjobb i ei veke eller to med

stell av parkar, friområder og andre fellesområder. Det vert sett av kr 100.000 til dette også i 2023.

C. Tillegg punkt 6 Disponering av investeringsrammer:

Kommunestyret reduserer avsetninga til investeringa til uteområde ved Sparebankbygget frå kr 3.000.000 til kr 2.500.000.

Vegar, andre formål - reserve, vert sett til kr 500.000.

Det vart sett av kr 200.000 til arbeidet med planane for namna minnelund for 2022. Beløpet vert ikkje brukt i år. Dette vert såleis rebudsjettert for 2023.

Gangbru over Aureelva på vestsida av RV60 og omlegging av Kagholvegen blir realisert. Prisanslag 2.000.000.-. Finansiering ved bruk av 500.000.- frå Vegar, andre formål – reserve og 500.000.- frå bevilga samfinansiering på rundkøyninga. I tillegg vert investeringsramma Vegar, andre formål – reserve auka med 1.000.000.-. Administrasjonen blir bedt om innhenting av tilbod på arbeidet innafor desse rammene.

Framlegg frå Arbeidarpartiet, foreslått av Hans Petter Brunstad Sørensen, Arbeiderpartiet
Arbeidarpartiet forslag til vedtak i sak 95/22 - 22/13805 - Budsjett 2023 - økonomiplan 2026:

Følgjande punkt er i tillegg til Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- Kommunedirektøren bes om å utgreie inntekspotensialet til kommunen ved å endre eigedomsskatten til å gjelde:

"a. faste eigedomar i heile kommunen".

I utgreiinga skal Kommunedirektøren også setje opp inntekspotensialet for dei ulike eigendommene som §4 i "Lov om eigedomsskatt til kommunane" viser til. Utgreiinga skal vidare vise inntekspotensialet ved 1, 2, 3 og 4 promille.

Ein ber kommunedirektøren om å legge saka fram for kommunestyret i god tid før neste budsjetthandsaming for 2024.

- Prinsippet med rammebudsjettering føreset at kommunestyret får den konkrete bruken av rammene for kvart område framlagt til vurdering og fordeling i starten av 2023.
- Sykkylven kommune vil auke satsinga på tidleg innsats, og vil for å styrke dette redusere avsetjinga til disposisjonsfond med kr 3,5 million. Desse midlane skal brukast til å styrke bemanninga i grunnskulen (redusere nedbemanning) og innanfor helsetiltak retta mot born og unge (psykologstilling).
- Kommunedirektøren bes om å setje av 1,5 mill på investeringsbudsjettet til lærebøker som er tilpassa læreplan for kunnskapsløftet. Finansiering ekstra låneopptak eller ved gevinst av sal av Tandstad bhg.

Korrigert forslag frå Arbeidarpartiet saman med Framstegspartiet, foreslått av Hans Petter Brunstad Sørensen, Arbeiderpartiet

Tillegg til kommunedirektøren sitt framlegg:

A: Endring punkt 2 Eigedomsskatt, bokstav c, slik:

«Satsen for eigedomsskatt for 2023 vert sett til 3,2 promille.»

B: Prinsippet med rammebudsjettering føreset at kommunestyret får den konkrete bruken av rammene for kvart område framlagt til vurdering og fordeling i starten av 2023.

C: Sykkylven kommune vil auke satsinga på tidleg innsats med 1,8 mill, Desse midlane skal brukast til å redusere nedbemanninga i grunnskulen og innanfor helsetiltak retta mot born og unge.

Finansiering:

-Reduksjon eigedomsskatt med	-4,2mill
Auke havbruksfond med	1,5mill
Auke skatteanslaget med 2%	4,5mill
Styrke bemanning gr.sk. og helsetiltak	1,8mill

D: Kommunedirektøren bes om å setje av 1,5 mill på investeringsbudsjettet til lærebøker som er tilpassa læreplan for kunnskapsløftet. Finansiering ekstra låneopptak eller ved gevinst av sal av Tandstad Bhg.

Etter at dei to første forslaga var sett fram vart det bedt om gruppemøte og dette vart innvilga.

Etter gruppemøta vart det første forslaget frå AP vart trekt og det vart sett fram eit korrigert forslag frå AP og Frp, sjå ovanfor.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg med endringane som foreslått av H, Sp, V og KrF fekk 5 røyster.
Kommunedirektøren sitt framlegg med forslaget frå AP og Frp fekk 4 røyster.

FSK - Vedtak:

Formannskapet rår med 5 mot 4 røyster kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. **Skatteøret** vert sett til den maksimale satsen stortinget vedtek
2. **Eigedomsskatt**
 - a. Eigedomsskatt skal skrivast ut i medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3
 - b. Eigedomsskatt skal gjelde faste eigedomar i heile kommunen, unnateke næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnett og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum.
 - c. Satsen for eigedomsskatt for 2023 vert sett til 3,2 promille
3. **Opptak av lån** for finansiering av investeringar Kommunestyret godkjenner låneopptak inntil kroner 85 213 600 ,- for å dekke investeringar i 2023 i punkt 6 i innstillinga. Låneopptak vert gjennomført i samsvar med Sykkylven kommune sine reglement.

4. **Opptak av lån** for vidare utlån

Kommunestyret godkjenner opptak av startlån for vidare utlån fra Husbanken på 12 million kroner. Låneopptak vert gjennomført i samsvar med Sykkylven kommune sine reglement.

5. **Disponering av driftsrammer**

Dei totale driftsrammene som kjem fram i skjema 1A og 1B, med slike endringar:.

Inntekt frå Eigedomsskatt vert sett ned med kr 4.200.000 til kr 16.8000.000.

Inntekt frå Havbruksfondet vert auka med kr 1.500.000 til kr 3.000.000.

Avsetning til disposisjonsfondet vert sett ned med kr 2.700.000 til kr 3.800.000.(Vedlegg 1 og 2)

Rammene vert disponert av kommunedirektøren og i samsvar med delegeringsfullmakter

Administrasjonen melder tilbake til formannskap og kommunestyret korleis rammene blir fordelte på einingar og områder når dette er avklart., og ev. seinare vesentlege endringar av desse.

Kommunestyret forventar at administrasjonen legg fram for formannskapet månadleg oversikt over utviklinga i kommuneøkonomien, samanlikna med budsjett. Kommunestyret vert informert kvartalsvis i høve til møteplan.

Garantiramma for sosiallån vert fastsett til kr 350.000. Den øvre grensa for einskildgarantiar innanfor den samla ramma etter dette punktet, vert sett til kr 150.000.

For året 2023 vert ordførarombodet sett til 100 prosent. Ombodsgodtgjeringsa vert sett i samsvar med kommunestyrevedtak PS 46/17.

For året 2023 vert varaordførarombodet sett til 10 prosent av eit årsverk, og ombodsgodtgjeringsa vert rekna av same grunnlag som for ordførarens godtgjersle.

Implementeringa av den nye Barnevernsreformen, vil slik kommunestyret ser det, m.a. bidra til å styrke det tverrfaglege fokuset i denne sektoren, ikkje minst med tanke på tidleg innsats. Kommunestyret forventar at når reforma no har fått verke ei tid, vil det blir vurdert kva slags fagkompetansar som det blir viktig å rekruttere frametter, som t.d. psykolog, familierapeut o.l..

Kommunestyret ser det som viktig å sikre at ingen barn skal stå utanfor fritidsaktivitetar av økonomiske grunnar. Vi set difor av kr 100 000 til dette formålet i budsjettet. Desse midlane kan lag og foreiningar som har krav om medlemskontingent og som har årsdrift, søke på. Levekårsutvalet vert oppmoda om å utarbeide retningslinjer for tiltaket.

I tillegg blir det gitt eit driftstilskot til «Høbben» på kr 100.000 i 2023.

Som eit ungdomstiltak oppmodar kommunestyret administrasjonen om å vidareføre ordninga for unge (t.d. i alderen 15 – 19 år), der den enkelte kan få tilbod om sommarjobb i ei veke eller to med stell av parkar, friområder og andre fellesområder. Det vert sett av kr 100.000 til dette også i 2023.

6. **Disponering av investeringsrammer** Dei totale investeringsrammene som kommer frem av

skjema 2A og 2B vedtas, med slike endringar: Kommunestyret reduserer avsetninga til investeringa til uteområde ved Sparebankbygget frå kr 3.000.000 til kr 2.500.000. Vegar, andre formål - reserve, vert sett til kr 500.000.

Det vart sett av kr 200.000 til arbeidet med planane for namna minnelund for 2022. Beløpet vert ikkje brukt i år. Dette vert såleis rebudsjettert for 2023.

Gangbru over Aureelva på vestsida av RV60 og omlegging av Kagholvegen blir realisert. Prisanslag 2.000.000.-. Finansiering ved bruk av 500.000.- frå Vegar, andre formål – reserve og 500.000.- frå bevilga samfinansiering på rundkøyringa. I tillegg vert investeringsramma Vegar, andre formål – reserve auka med 1.000.000.-. Administrasjonen blir bedt om innhenting av tilbod på arbeidet innafor desse rammene. (vedlegg 3) Rammene disponeres av kommunedirektøren og i samsvar med gjeldende delegeringsfullmakter.

7. Finansielle måltal:

Sykkylven kommunestyre vedtek følgjande finansielle måltal:

1. Netto driftsresultat skal over tid utgjere minimum 1,75 % av brutto driftsinntekter.
2. Disposisjonsfondet skal minimum utgjere 10 % av brutto driftsinntekter.
3. Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal ned på dagens nivå (under 130 %) innan 2030 og 100 % innan 2035.

Måltala er ikkje absolutte for det ein skilde rekneskapsår, men mål ein skal arbeide mot å nå.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunedirektøren har utarbeidd eit utkast/framlegg til budsjett 2023 - 2026.

Saksopplysningar

Regjeringa har lagt fram sitt framlegg til Statsbudsjett for 2023 med tilhøyrande rammer for kommunal sektor. Sykkylven kommune vil i framlegget motta ca 480 million i frie inntekter (skatt og ramme). Stortingshandsaminga vil gje det endeleg svartet i løpet av desember månad.

Kommunedirektøren har laga eit budsjettframlegg 2023 for Sykkylven kommune som var presentert for kommunestyre i møte den 7.november.

Dei økonomiske vilkåra for kommunen gjev føresetnader om ein tilpasning av drifta i både 2023 og økonomiplanperioden for å sikre gode tjenester og økonomisk bærekraft.

Vurdering

Kommunedirektøren sitt framlegg er lagt fram.

Økonomiske konsekvenser

Kjem fram i kommunedirektøren sitt framlegg.

Bente Glomset Vikhagen
kommunedirektør

Vedlegg:

Vedlegg 1 - Bevilgningsoversikt drift jf. §5-4 første ledd_Sykkylven- pr kapittel 07_11_22

Vedlegg 2 - Økonomisk oversikt drift jf. §5-6 07_11_22

Vedlegg 3 - Bevilgningsoversikt investering jf. §5-5 første ledd

Budsjett og økonomiplan 2023- 2026- endeleg

Budsjett og økonomiplan 2023- 2026- endeleg.docx